



ASKVOLL
kommune



FJALER
kommune



HYLLESTAD
kommune

Lokale retningslinjer for perioden 2025 til og med 2028 for:

- **Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)**
- **Nærings og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)**
- **Tilskot til tiltak i beiteområde**



Foto. Gaute Losnegård, Steingard på Arstein, Straumsnes i Fjaler

Innhald

1. INNLEIING	3
2. PROSESS OG LOKAL FORANKRING	3
3. VERDIAR OG UTFORDRINGAR I ASKVOLL, FJALER OG HYLLESTAD SITT JORDBRUKSLANDSKAP	3
3.1 Verdiar i Askvoll, Fjaler og Hyllestad sitt jordbrukslandskap	3
3.2 Oversikt over spesielle utfordringar for Askvoll og Fjaler og Hyllestad	4
4. TILSKOT TIL SPESEILLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL).....	5
4.1 Sentrale mål og føringar	5
4.2 Bruk av midlane i åra 2020-2024	5
4.3 Retningslinjer.....	6
4.4 Lokale mål og prioriteringar	7
4.5 Skildring av nokre tiltak innan SMIL ordninga.....	7
4.6 Prioritering mellom søkarar	8
4.8 Søknadsfrist	9
4.9 Trong for midlar i planperioden	10
5. TILSKOT TIL SKOGBRUKSTILTAK.....	10
6.TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE	15
6.1 RETNINGSLINJER FOR SØKNAD OM TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE	15

1. INNLEIING

Dei ulike regelverka som gjeld for ordningane spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), tilskot til tiltak i beiteområde og nærings og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) slår fast at kommunane skal utarbeide overordna retningslinjer for prioritering av tilskot.

Strategidokumentet skal danne grunnlaget for kommunen si forvaltning av midlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), til tiltak i beiteområde og nærings- og til miljøtiltak i skogbruket (NMSK). Førre tiltaksstrategi gjekk ut i 2024, og det skal difor lagast ei ny strategi som gjeld for perioden 2025 til og med 2028.

Utarbeidd tiltaksstrategi er ikkje ei omfattande analyse, men gjev ei retning på korleis kommunen vil prioritere bruken av midlane. Prioriteringane er forankra i gjeldande lovverk, nasjonale og regionale føringar og innspel frå næringsorganisasjonane. Søkjarane vil gjennom tiltaksstrategiane få tips om kva ein kan søkje på under dei ulike ordningane og få kjennskap til korleis kommunen vil prioritere søknadene. Kommunen har informasjonsplikt overfor statsforvaltaren på korleis midlane vert nytta, og at midlane vert fordelt i samsvar med den lokale tiltaksstrategien.

2. PROSESS OG LOKAL FORANKRING

For å styrke det lokale sjølvstyre var alle lokallaga av Bondelaget, Bonde og Småbrukarlaget og Sau og geit i kommunane våre innkalla til innleiande møte om strategiarbeidet i Dale 22. oktober 2024. Strategiane har vidare vore på høyring til dei same organisasjonane og til Statsforvaltaren i Vestland.

3. VERDIAR OG UTFORDRINGAR I ASKVOLL, FJALER OG HYLLESTAD SITT JORDBRUKSLANDSKAP

3.1 Verdier i Askvoll, Fjaler og Hyllestad sitt jordbrukslandskap

Askvoll kommune har eit variert kulturlandskap frå den vestlegaste Sandøy til dei nedlagde fjellgardane i Fossedalen. Her finn ein kulturminne frå bronsealderen (1800-500 år f. Kr.) i form av helleristningar på Leirvåg og på Staveneset, og bygningar og kulturelement som vitnar om busetnad og vekslende bruk av naturressursane frå havet til fjellet i heile denne tidsperioden. Frå nyare tid har vi gamle handelsstader som Hindøy, Sauesund, Værøyhamn og fråflytta øyar som Tviberg der fiskarbonden levde og sette sitt preg på kulturlandskapet. I Askvoll finn ein og austlandsliknadene flatbygdnatur som har gitt grunnlag for landbruksdrift gjennom generasjonar. Spesielt for Askvoll er og områda med kystlynghei og kystblåstjerne på Atløy og på Værlandet/Bulandet.

Fjaler kommune har eit variert utval av kulturmark og kulturmarkstyper. Her finn ein mellom anna gravminne frå jernalder/-bronsealder, og særskilt kjent er steinkrossen, som ligg ved den gamle handelsstaden/ skipsleia Korssund. Utnyttinga av naturgrunnlaget og driftsformer i jordbruket er tilpassa både kyst og innland. Topografien frå Hellevik og vidare ut langs Dalsfjorden er småskala og oppstykk, og utgjer ein mosaikk av små, lune viker,

bergskorter og verutsette knausar. Fjord- og dal landskapet i indre Fjaler har eit betre utvikla jordsmonn og ein meir variert samansett vegetasjon og oftast betre tilgang på utmarksareal enn ved kysten. Dette skuldast m.a. topografiske variasjonar i kommunen, samt ulikskapar i berggrunn, klima og vegetasjon. Særleg i Guddalen finn ein godt bevarte bygningar frå langt tilbake, her har klimaet ikkje vore like tøft som på kysten med tanke på forfall og meir har fått stå att i landskapet. I Guddalen er det automatisk freda bygg frå 1600 talet både på Gallefoss og Heggheim.

Forfattaren Norvald Tveit (1983) skildrar så treffande **Hyllestad kommune** på denne måten: «Langs kyststripa ligg eit utval av det som finst av vilt og vakkert langs kysten. Aude strender, nakne bergrabbar og ville kalde fjell, men og eit mylder av lange, fine bukter, store og små holmar og lange skogkledde nes». Det går fjordarmar innover kommunen og delar opp landskapet i vest og sør. Fjordane er Åfjorden, Skifjorden, Lifjorden og Bøfjorden. I tillegg til den lange og varierte kystlinja har kommunen frodige skogkledde dalar og store fjellvidder med beite og fiskevatn. Lauvskog pregar mykje av utmarka i heile kommunen. Geografien gjer at det er vanskeleg å få til rasjonell stordrift av areala i Hyllestad kommune, areala er gjerne oppstykkja og til dels brattlendt. Tradisjonelt har kombinasjonen fiske og jordbruk stått sterkt, og i nyare til kombinasjonen industri/jordbruk.

Vi finn i alle dei tre kommunane fleire stader med synlege byggverk som steingjerde, kvernhus, vassdemningar og gamle ferdselsstiar som vitnar om det daglege livet i landbruket. Dei største kulturlandskapsverdiane innan biologisk mangfald er gjerne knytt til litt tungdrivne småbruk der dei disponible naturressursane over tid, er godt utnytta på ein berekraftig måte.

3.2 Oversikt over spesielle utfordringar for Askvoll og Fjaler og Hyllestad

Attgroing og manglande gjerdehald

Endra driftsopplegg i jordbruket gjennom mange tiår med mindre beitebruk, færre føretak og mindre bruk av dei marginale areala, har ført til at tidlegare jordbruksareal har gått ut av produksjon og grodd til med skog og kratt. Dette har ført til tap av verdifullt kulturlandskap og biologisk mangfald inkludert tap av stiar og ferdsleveggar i kulturlandskapet. Det er og utfordringar med færre aktive bruk og manglande gjerdehald på tidlegare aktive landbrukseigedomar. Den moderne teknologien innan virtuelt gjerdehald, kan kome til å bli revolusjonerande for beitebruka, men er førebels svært kostbart.

Auka nedbørsintensitet

Auka nedbør førar til større tap av næringsstoff, og elvar og bekkar som går over sine bredder fører til erosjon og utfordringar med tap av matjord og påfølgjande høge kostnader for å førebygge og utbetre erosjonsskader. Klimaprognosar gjev grunn til å tru at problem knytt til auka nedbørsintensitet vi auke ytterlegare. Vidare er for liten dimensjon av tidlegare røyrssystem med dagens store nedbørsmengder eit problem.

For små gjødsellager

Gjødsellager som er for små og husdyrgjødsel som vert spreidd seint på hausten med låg gjenvekst og fylgjande tap av næringsstoff er ei utfordring, og særleg då med tanke på nye reglar for spreinga av husdyrgjødsel. Det vil vere behov for å planlegge plassering av satellitt- lager og å tenke nytt for å få til ein jamn spreinga av husdyrgjødsel på dei største

bruka våre. På enkelte lager vil det framleis vere behov for å legge tak over eksisterande gjødsellager.

Kulturminneforfall

Færre landbruksføretak og høge kostnader ved vedlikehald av kulturminne som steingardar, verneverdige eldre bygningar med meir gjer det utfordrande å halde i hevd arven frå tidlegare tider.

Plast

Plast på avvege er eit stort problem i samfunnet og i landbruket der det handterast store mengder plast i produksjonen, særleg rundballeplast.

Svartelista artar

Etablering av framande skadelege artar er ein trussel for biologisk mangfald, også på nokre landbrukseigedomar (til dømes landøyda, kjempespringfrø og parkslirekne).

4. TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL)

4.1 Sentrale mål og føringar

Formålet med tilskotsordninga er å fremme natur og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureining frå landbruket. Normalt blir det berre løyvd tilskot til tiltak som går utover det som kan forventast av vanleg jordbruksdrift på ein landbrukseigedom. Det faglege og administrative handlingsrommet er fastsett i Smil forskrifta: [Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket](#) og i [Kommentar til forskrifta](#)

I Vestland fylke ynskjer ein at måla i dei lokale tiltaksstrategiane er forankra i regionalt miljøprogram for fylket. Hovudmål for dette programmet er : « Stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast».

4.2 Bruk av midlane i åra 2020-2024

2021 t.o.m. 2024	Kulturlandskap	Eldre bygningar, steingardar	Vatn /gjødselsilo mm.	total fire år
Askvoll	1 193 503	396 224	0	1 589 727
Fjaler	915 535	474 175	401 250	1 790 960
Hyllestad	440 350	0	101 650	542 000
<i>Total</i>	2 549 388	870 399	502 900	3 922 687
<i>i %</i>	65 %	22 %	13 %	<i>Snitt 980 678</i>

Kommentar til tabellen: Det er skilnader frå år til år korleis fordeling av Smil-midlane har vore når det gjeld kulturlandskap tilskot, hydrotekniske tiltak og restaurering av eldre bygningar, dette har med å gjere med kva tiltak som blir søkt om i dei enkelte kommunane kvart år.

4.3 Retningslinjer

Den administrative fullmakta er delegert til einingsleiar for landbruk. Det vert årleg rapportert til politisk utval i Hyllestad, Askvoll og Fjaler om bruken av midlane.

Kven som kan få tilskot til SMIL midlar går fram av til ei kvar tid gjeldande regelverk for ordninga, jf. forskrifta. Pr 2024 kan det innvilgast tilskot til føretak som oppfyller vilkår om produksjonstilskot og avløysartilskot. Tilskot kan også innvilgast eiger av landbrukseigedom dersom areala er leigd ut og det er en produksjon på landbrukseigedommen som oppfyller vilkåra for tilskot om produksjonstilskot i jordbruket.

Aktuelle tiltak: Det kan søkast om tilskot til tiltak som tek vare på natur- og kulturminneverdiar i kulturlandskapet, eller hindrar ureining frå landbruket. Aktuelle prosjekt må vere innanfor følgjande sju tiltaksgrupper:

1. kulturlandskapstiltak
2. biologisk mangfald
3. friluftsliv og tilgjengelegheit
4. kulturminne og kulturmiljø
5. forureiningstiltak
6. avrenning til vatn
7. utslepp til luft

Det kan òg søkast om tilskot til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt som omfattar miljøtiltak som dekker større områder, og som fører fram til konkrete tiltak innanfor tiltaksgruppene som er nemnd ovanfor.

Søknad:

Søknader skal sendast inn digitalt med innlogging via ID porten [sjå landbruksdirektoratet si infoside](#)

Søknaden skal som eit minimum innehalde følgjande:

- ☐ Omtale av tiltaket.
- ☐ Framdriftsplan.
- ☐ Kostnadsoverslag.
- ☐ Finansieringsplan.
- ☐ Kart over driftseininga der det aktuelle tiltaket, kulturminne, erosjonsutsette areal og område med viktige miljøkvalitetar er avmerkt.
- ☐ Fotografi og/eller teikningar.
- ☐ Løyve frå grunneigar dersom tiltaket skjer på leigd landbrukseigedom.
- ☐ Gjødslingsplan og journal over nytta plantevernmidlar

4.4 Lokale mål og prioriteringar

- Halde ope det særeigne kulturlandskapet gjennom skjøtselstiltak og aktiv bruk av beiteressursane, istandsetting av særleg biologiske verdfulle areal/ - naturtypar går føre andre søknader om kulturlandskap
- Ta vare på kystlyngheia som kjenneteiknar spesielt delar av Askvoll og ytre Fjaler/Hyllestad gjennom varig skjøtsel og aktiv bruk
- Førebygge erosjon og tap av matjord
- Klimavennleg landbruk med lite tap av næring og klima gassar til dømes tak over eksisterande gjødsellager og til planlegging av tiltak for å få nok gjødselkapasitet
- Ta vare på gamle steingardar og bakkemurar
- Halde vedlike gamle ferdslårer i landbruket sitt kulturlandskap
- Hindre plast på avvege
- Bekjempe svartelista arter i landbruket sitt kulturlandskap
- Innan bygningsvernet skal ein prioritere heilskaplege bygningsmiljø og einskildbygningar med stor verdi for det samla kulturlandskapet. Det er ein fordel om kulturminne er omtalt i kulturminneplanen for kommunen.

4.5 Skildring av nokre tiltak innan SMIL ordninga

Kulturlandskap

Tiltak som fremjar aktiv bruk og skjøtsel av gamle beite- og slåttemarkar med biologisk mangfald vil bli høgt prioritert. Areal som skal ryddast og har miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, kulturmiljø eller ferdsel er viktige å ta vare på gjennom bruk og stell. Tiltak retta mot kulturlandskap der attgroing har kome så langt at det er få spor etter den historiske bruken, vil verte lågare prioritert enn tiltak i kulturlandskap der kontinuiteten i bruk er godt synleg. For å få god effekt av Smil midlane er det viktig at tiltaket har ein mest mogeleg varig og berekraftig karakter.

Hydrotekniske tiltak og forureingstiltak

Tiltak som reduserer erosjon og avrenning av næringsstoff, men som ikkje kjem under ordninga for dreneringstilskot kan vere aktuelle fot tilskot. Døme kan vere restaurering/steinsetting av open kanal/bekk med formål å sikre tap av matjord som fylgje av erosjon. Tak over eksisterande gjødselsilo vil vere aktuelt for å hindre forureining, likeins planleggingskostnader for tiltak for å tilfredsstille nye krav i gjødselforskrifta. Plast på avvege, er eit stort problem i samfunnet og det kan vere aktuelt å kjøpe inn plastpresse på ein del bruk for lettare handtering av plast i drifta.

Ferdsel tiltak i landskapet/ stiar

Støtte til ferdselstiltak/rydding av stiar, skal i størst mogleg grad vere til gjensidig nytte for landbruksnæringa/ ålmenta for å verte prioritert. Fellestiltak er her tenleg.

Verneverdige bygningar og kulturminne

Tiltak retta mot bygningsvern vil ha ein lågare prioritet enn skjøtselstiltak. Tiltak som kan vere aktuelt å prioritere er; vedlikehald av steingardar, heilskaplege bygningsmiljø, bygningar/ kulturminne med høg historisk verdi for kulturlandskapet/ ålmenta. Ved vurdering vil særskilt bygnings-/kulturminnevern som ivareteke konstruksjon og handverksteknikkar som i dag er sjeldsynte i vårt område bli vektlagt. Også bygningar/ bygningsmiljø/ kulturminne som på ein særskilt måte formidlar historia til livet på bygdene i eldre tider vil kunne vere viktig å bevare.

4.6 Prioritering mellom søkarar

- Aktive bruk skal prioriterast høgare enn passive jordeigarar
- Nye brukarar skal prioriterast
- Midlane skal bidra til å styrkje busetting, næring, og trivsel i vårt område.
- Næringsverdien av tiltaket skal vurderast- søkjarar med størst bruk/nytte prioriterast før andre tiltak.
- Bruk som har pågåande søknader innan same tiltakskategori, skal ha lågare prioritet enn dei som ikkje har søknader inne.
- Bruk med høg gjennomføringsevne skal prioriterast høgare enn søkarar der prosjekt over noko tid har vist seg å ikkje bli fullførte.

4.7 Tilskotssatsar og retningslinjer for berekning av kostnad

Tiltak	Tilskot maks	Retningsgivande satsar for kostnadsoverslag (viss du søkar om tiltak som ikkje er på lista, vil kommunen gjere ei konkret vurdering i kvart tilfelle)
Gamal kulturmark	50 %	-Restaurering av gamal kulturmark: inntil kr 3 600 pr daa -Permanent gjerde inkludert rydding av trase og grunder (målt opp på gardskart): -inntil 185 kr/m for lett gjerding, -inntil 205 kr for middels krevjande -inntil 225 kr/m for svært krevjande -Gjerdeteknologi *: Inntil 2 500 pr klave i kostnadsoverslag, maks kostnadsoverslag 25 000.
Steingardar og bakkemurar	50%	-Restaurering av steingard inntil kr 1 000 pr meter -Rydding av vegetasjon langs steingardar inntil 50 kr/m
Utslepp til luft, vatn og erosjonstiltak	50%	-Oppatt muring/reperasjon av kanalar- vurdering av kostnadsoverslag/anbud
	70% Pr stk	-Eksterne, fagkyndige planleggingskostnader** -Plastpresse, inntil kr 7 000 pr stk ***
	35%	-Tak over eksisterande gjødselsilo
Gjenopning av gamle nyttige driftsvegar for landbruket/ komb. tilrettelegging for ålmenta	50 %	Gjerdeklyv inntil 1 500 kr Skilt inntil kr 500 stk. Utbetring av sti : inntil kr 50/m
****Restaurering av bygninger	15 %	Gjeld utvendig restaurering

Dersom det skulle vere få søkarar og ledige midlar kan det vere aktuelt å auke tilskotssatsane prosentvis inntil avgrensinga i forskrifta.

* Tilskot til virtuelle gjerde kan i særlege høve vurderast i område med kulturlandskapsverdiar der det ikkje er ønskeleg eller mogleg med permanent gjerde. Det må vere samsvar mellom tal dyr og areal som skal skjøttast ved virtuelt gjerde. Det vert sett vilkår om at klavane ikkje kan seljast vidare dei neste 10 åra.

** Makstak i løyvd tilskot er avgrensa til kr 20 000, gjeld ekstern planlegging

***Plastpresse kjøpt med tilskot kan ikkje seljast vidare i løpet av dei neste 5 åra
For dei minste pressene vert det ikkje innvilga *både* Smil midlar og evt midlar frå klima og miljøprogrammet

****Til restaureringsprosjekt med høgt kostnadsoverslag, vil det kunne bli gitt lågare tilskotsprosent . Kulturminnefondet kan vere ei alternativ /supplerande finansieringskjelde til Smil ordninga for bygningsvern.

Ved eigeninnsats vert fylgjande satsar godkjente i kostnadsoverslaget:

-planlegging av større tiltak : 240 kr/time

-manuelt arbeid med og utan motorisert reiskap : 350 kr/time

-arbeid med bruk av traktor/gravemaskin: 800 kr /time

For oppsetting av gjerde vil normalt ikkje innmarksbeite og fulldyrka/overflatedyrka jord bli omfatta av ordninga, då dette er vurdert som tiltak som går under ordinær drift. Det vil likevel vere aktuelt å støtte tiltak på område som over tid (minimum 5 år) ikkje har vore i drift og blitt søkt om tilskot på til dømes ved kjøp eller leige av landbrukseigedom som har vore utan drift med husdyr dei siste åra. Det vil og vere aktuelt å gje tilskot for område som er omfatta av RMP ordninga tilskot til beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark med geit: [Beiting med geit verdifull innmark](#)

Prisane på permanent gjerde er henta frå firmaet Alt i Gjerde 11.11.2024.

For oppsett av permanent elektrisk gjerde vert satsane halvert i høve til oppsett med permanent gjerde. I særskilte høve kan det vere aktuelt å gje løyving til virtuelle gjerde. Dette vil vere i gitte tilfelle der virtuelle gjerde tok vare på spesielle areal som elles ville vere gjerda inn på tradisjonelt vis. Det vi då vere eit krav at ein kan sjå effekten av inngjerdinga på det konkrete arealet, dvs ikkje støtte til slik teknologi for avgrensing av store utmarksareal.

Prisane skal indeksregulerast før kvar søknadsomgang i 4 års perioden. Strategiane legg opp til å nytte Statsforvaltaren sine tilrådde satsar kvart år for timesatsar.

4.8 Søknadsfrist

Søknadsfristen for hovudtildelinga av midlane er sett til 1. mars og med ny søknadsfrist til 1. september dersom det er ledige midlar til fordeling. Ved siste søknadsfrist vert evt tildelt rest ramme frå dei tre kommunane slått saman og fordelt etter prioriteringane i dei lokale

strategiane. Dette fordi små kommunevise restmidlar kan vere vanskeleg å nytte på ein god måte elles.

Ordninga skal publiserast på heimesida til kommunen og på mail til søkjarar om produksjonstilskot med påminning på SMS. Det skal fattast endeleg vedtak om løyving eller avslag på alle søknader som er levert innan fyrste søknadsfrist kvart år. Unntaksvis kan ein søknad bli overført til neste år i dialog med søkar (gjeld søknader som ikkje var midlar til å prioritere det aktuelle året, men som nesten nådde opp for tilskot). Søknader som er levert seinare på året og vurdert som aktuelle for ordninga, vil bli endeleg avgjort året etterpå dersom det ikkje er tilgjengeleg midlar i søknadsåret. *Det er eit vilkår at det blir søkt om tilskot før oppstart, og arbeidet kan ikkje starte før søknaden er handsama eller evt at det har vore gitt løyve til oppstart etter synfaring og på søkars risiko for om søknaden vert tildelt midlar.*

4.9 Trong for midlar i planperioden

Ramma til SMIL ordninga har auka i førre planperiode, det har vore høg aktivitet og midlane har blitt nytta godt og formålstenleg i våre kommunar. Vi går inn i ein ny 4 års periode der prisen på innsatsmidlar har steget og vi har auka satsane for eigeninnsats og satsane for rydding og gjerding. Dette gjer at kommunen stipulerer at det trong for auka rammer lokalt. Vi vil utifrå dette og tidlegare erfaring med ordninga, stipulere kostnadsbehovet til kr 600 000 for Fjaler, 600 000 for Askvoll og 250 000 for Hyllestad.

5. TILSKOT TIL SKOGBRUKSTILTAK

I NMSK-forskrifta § 3 står det: «Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog mellom Statsforvalteren, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruket».

Landbruksforvaltninga, har i dialog/ arbeidsmøte med lokallag, og på bakgrunn av føringar frå Statsforvaltaren utarbeidd fylgjande retningslinjer. Retningslinjene dekker søknader knytt til tilskot til skogsvegbygging, skogkultur, og drift i vanskeleg terreng. Det er ikkje tilskot på MVA.

Tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar

I NMSK-forskrifta står det: "Det kan gis tilskudd til bygging av nye eller ombygging av eksisterende skogsveier når dette bidrar til helhetsløsninger som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene.»

Vegen skal vere godkjent av kommunen og byggeplan skal om naudsynt vere godkjent før byggestart. Krav til planen må stå i samsvar til kompleksiteten til det einskilde vegprosjektet, eks. fare for anna infrastruktur, naturfare (skred/ flaum), og ulike miljøverdiar m.m.



Illustrasjonsbilete skogsbilveg klasse 3.

Vegstandard/ skogverdi

Vegen skal byggjast i samsvar med gjeldande Normalar for landbruksvegar med byggebeskrivelse. For større veganlegg skal det nyttast godkjend vegplanleggar. Større fellesanlegg skal prioriterast høgt. For slike prosjekt må det også skipast veglag der fordeling av kostnadene for bygging og vedlikehald av anlegget skal gå fram av søknad, ev. anna skriftleg avtale.

Dersom offentleg tilslutningsveg ikkje held standard for vogntog (12,4 eller 15 meter lengdebegrensing) eller ikkje har tilstrekkeleg tillate aksellast (under 10 tonn), bør veglag/ eigar, vegplanleggjar og kommunen undersøke moglegheita for å skrive opp den offentlege vegen, samt utbetre flaskehalsar på vegnettet.

Prioritering veksøknader

Følgjande prioritering gjeld:

- Vegar, både nybygg og ombygging, i samband med vindfallhogst.
- Samarbeidstiltak vert prioritert framfor søknader som gjeld einskildskogeigarar.
- Veganlegg med mykje hogstmoden skog (nært føreståande aktivitet) og store produktive areal vert prioritert føre anlegg med lite hogstmoden skog, eller område med låg skogverdi.
- Vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven vert prioritert.
- Bilveganlegg som løyser ut mykje skog skal prioriterast framfor traktorvegar*

Det skal ikkje gjevast tilskot til vegklasse 8, veganlegg med samla kostnad eks mva under kr. 75.000 og vegar med lågare standard (avvik frå vegklassa). *Traktorvegar i vegklasse 7 kan vere tilkomstveg. Ein vil gjennomføre vurdering av lønsemd bilveg/traktorveg der veganlegg løyser ut under 100 dekar/ 5000m³.

Tilskotssatsar

- Traktorvegar klasse 7 kan få inntil 45 % i tilskot (vurdering av skogverdi m.m.).
- Bilvegar klasse 3 og 4, inklusiv snu/velteplassar og tilkomstvegar klasse 7 kan få inntil 60 % i tilskot (vurdering av skogverdi, gode totalløysingar m.m. for avgjerd om tilskotssats).
- Vegklasse 5 skal normalt ikkje prioriterast. Ved prioritering kan ein få inntil 45% i tilskot.
- Vegklasse 8 og enklare vegar skal ikkje gjevast tilskot.
- Vegar som løyser mykje lauvskog og lite barskog skal prioriterast lågt.

Anlegg der det er brukt godkjend vegplanleggar kan få høgare tilskot med

- Detaljplanlegging +3 prosentpoeng
- utarbeiding av anbud +3 prosentpoeng
- oppfølging av anlegget under bygging +3 prosentpoeng

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, skal eventuelle meirkostnader som skuldast dette gå inn i tilskotsgrunnlaget, og det kan kompensast med ein noko høgare tilskotssats.

Vilkår for tilskot

- Vegen skal byggast etter godkjent plan, og etter tekniske krav i vegnormalar for landbruksvegar.
- Vegen skal sluttsynfarast og godkjennast.
- Søknaden skal gjelde nyanlegg og/ eller ombygging. Det skal vere planlagt snu- og velteplassar der dette er naudsynt.
- Vegen skal vedlikehaldast etter den standard den vert bygd.
- Ved fellestiltak skal det føreligge skriftleg avtale mellom deltakarane om fordeling av kostnader, og ansvarstilhøve knytt til gjennomføring av tiltaket.
- Det skal førast rekneskap for veganlegget med utgifter utan mva. Utgiftene skal vere dokumentert med fakturaer eller timelister ved eigeninnsats.
- Statsforvaltaren sine timesatsar ved eigeninnsats vert lagt til grunn som makssatsar.
- Utbetaling av tilskot krev godkjent del- / sluttrekneskap.

Det er eit vilkår for tilskot, at hogst av gran i vegens dekningsområde skal plantast att med gran med tilstrekkeleg tettleik (jf. skogbrukslova). Skogfaglege vurderingar kan likevel unntaksvis vege mot dette. Alternative areal kan også tilplantast.

Søknad, og utbetaling

- Søknad om tilskot skal skje på søknadsskjema LDIR-903. Søknad skal vere signert av skogeigar.
- Krav om utbetaling og søknad om tilleggsløyving av tilskot skal skje på skjema «Rekneskapsamandrag for skogsveganlegg»- LDIR-904

Tilskot til drift med Taubane

I NMSK-forskrifta står det: "Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregistreringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de førevar- tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder".

Prioriteringar/ vilkår

- Hogst av stormfelt skog skal prioriterast
- Tilskot til drift i vanskeleg terreng skal berre gjevast når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog (sjå bonitet-/alderstabell under).
- Det skal ikkje gjevast tilskot til område som skal brukast til andre føremål enn skogproduksjon vidare.
- Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.
- Det er eit vilkår at det etter hogst av gran skal plantast att med gran. Skogfaglege vurderingar kan likevel unntaksvis i heilt spesielle tilfelle vege mot dette. Arealet skal uansett foryngast tilfredsstillande etter §6 i Skogbrukslova og Forskrift om berekraftig skogbruk.
- Virke skal registrerast i Virkesdatabasen.
- Det skal ikkje gjevast tilskot i vernskog utan at hogsten er gjennomført i samsvar med dei fastsette retningslinene for forvaltning av vernskogen som gjeld for området.
- Det skal ikkje gjevast tilskot til drift der hest er nytta til å drive fram virket.

Alder

Søker må dokumentere alder på skogen (t.d. kopi av skogbruksplandata, borrhprøve) i søknad om tilskot. Tabellen syner lågaste alder for ulike bonitetar, for å gje tilskot:

Bonitet	Lågaste totalalder	Fråtrekk for alder målt i brysthøgde
G26 og betre	55 år	10 år
G23	60 år	12 år
G20	70 år	13 år
G17	80 år	14 år
G 14	90 år	16 år

Tilskotssatsar

- Tilskotet skal bereknast med ein berekningsnøkkel for tilskot utarbeida av Statsforvaltaren, som tek omsyn til varierende tømmerprisar og driftskostnader.
- Tilskotet skal ikkje overstige 175/m³, med mindre heilt spesielle høver tilseier det.

Søknad og sakshandsaming

- Søknad om tilskot skal leverast på skjema; LDIR-916, som er tilgjengeleg på landbruksdirektoratet sine nettsider.

- Utfylt skjema, kart, dokumentasjon på alder for skogen, og underskrift av skogeigar skal sendast kommunen seinast fire – 4 – veker før planlagd oppstart av taubanedrifta!

Følgjande skal leggjast ved søknad om tilskot og oppmoding om sluttutbetaling:

- Dokumentasjon på gjennomførte miljøregistreringar i skog (MIS).
- Detaljkart 1: 5000 som viser hogstområdet, miljøregistreringar og skogsveggar i nærområde.
- Oppmoding om utbetaling skal skje på eige skjema "Utbetalingsanmodning for tilskot til drift med taubane, hest o. a (LDIR-931)" eller digitalt via skogfondssystemet.
- Om tilskotet skal utbetalast til andre enn skogeigar (eks. tømmeroppkjøpar), må dette merkast på søknadsskjemaet og organisasjonsnummer og bankkontonummer til den som tilskotet skal betalast ut til skal påførast.

NB! Tilsegn om tilskot vil ha kort arbeidsfrist, slik at midlane kan nyttast til andre drifter dersom drifta av ein eller annan grunn ikkje kjem i gang. Tilskotet vert trekt inn utan nærare varsel etter tre månader (ref. Statsforvaltaren) dersom det ikkje er gjeve varsel om at drifta vert forseinka.

Tilskot til skogkultur

For å samle retningslinene for alle tilskotsordningane knytt til Skog, har ein implementert mål og prioriteringar i dette dokumentet. Skogbrukslova pålegg skogeigar å sørgje for tilfredsstillande forynging etter hogst. Nødvendige tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten har skjedd. Tilskot til forynging og ungsogpleie er viktige verkemiddel for å sikre framtidig skogproduksjon. På fylkesnivå vert berre halvparten av avverkingsarealet forynga etter hogst. Dette er ikkje tilfredsstillande og langt frå berekraftig!

Tilskotssatsar Skogkultur/ planting

Landbruksforvaltninga meiner til liks med faglagar at det er naudsynt å halde oppe ein relativt god tilskotssats til skogkultur, mellom anna for å nå mål om tilfredsstillande forynging av skogen. Pga. Røysets legat skil landbruksforvaltninga på tilskotssatsane gjeldande for Røysets legats dekningsområde (Askvoll og ytre delar av Fjaler) og resterande områder. Statsforvaltaren har kome med klar oppfordring til alle kommunar å senke tilskotssatsar på nyplanting.

- Tilskotssatsen til skogkultur er inntil 30% for m95 plantar og inntil 35% for m60 plantar ved ordinær nyplanting (Røysets legats dekningsområde: NMSK + fondsstønad).
- Replanting grunna høg utgang inntil 70%. Replanting slår inn ved plantetteleik under 100 plantar/dekar for G14 og F11 og betre bonitetar.
- Ved høg søknadspågang, sett i høve tilskotsramme, vil tilskotet kunne verte redusert.
- Røysets legat – eigne midlar i Askvoll og ytre delar av Fjaler (dette tilskotet varierer med søknadspågang)

Suppleringsplanting og tettare planting

- Ved suppleringsplanting vert det gjeve eit sentralt tilskot frå Statsforvaltaren. Summen av sentralt tilskot og NMSK-tilskot skal dekke inntil 70% av dokumentert kostnad eks mva. Suppleringsplanting gjelder for plantetal over 100 plantar/dekar for G14 og F11 og betre bonitetar, ref replanting.

- Ved lite tilgjengelege midlar kan tilskotssats justerast.

- Sentralt tilskot frå Statsforvaltaren på tettare planting. Villkår satt av SF.

Landbruksforvaltninga har plantejern som kan lånast om ein vil plante sjølve! Plantar ein sjølve vil ein kunne søke tilskot, og bruke skogfondsmidlar til å dekke plantekostnadane. Ein nyttar 3,75kr / plante som kostand ved eigeninnsats på nyplanting, 4,50kr / plante ved suppleringsplanting og replanting.


Tilskot til Ungskogpleie

- Tilskotssatsen til ungsogpleie er inntil 50% av godkjent kostnad, men vil kunne verte redusert om ein ikkje har tilgjengeleg tilstrekkeleg med skogkultur-midlar.
- Maksimal kostnad som grunnlag for tilskotsutbetaling er 1500kr/dekar
- Landbrukskontoret skal godkjenne kostnad i kr/dekar

6. TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE

Det er kommunane som prioriterer søknadene og innvilgar tilskot. Som grunnlag for prioriteringane skal kommunane fastsette lokale retningslinjer i eigen [forskrifta \(FOR-2013-02-04-206\)](#) og [rundskrivet 2019/45](#). Kommunen skal lyse ut midlane på kommunen sin heimeside og fastsette søknadsfrist.

Forvaltning av tilskotsordninga ble overført frå Statsforvaltaren til kommunane frå 1.1.2020. Statsforvaltaren ble klageinstans, og skal også ivareta en koordinerende og støttende funksjon for kommuneforvaltning.



6.1 RETNINGSLINJER FOR SØKNAD OM TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE

Føremålet med ordninga er å legge til rette for ei best mogleg utnytting av utmarksbeita, redusere tap av dyr på beite, og fremje gode fellestiltak i beiteområda.

Fagsystemet Agros er i bruk for denne tilskotsordninga. Søknader, anmodning om utbetaling, rapportering og kommunikasjon om innvilga tilskot sendast inn elektronisk via Altinn.

Kven kan søke (§2, forskrift om tilskot i beiteområde)

- Lag og foreiningar som driv næringsbasert beitedrift kan få støtte til investeringstiltak, og/ eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekter i beiteområda. Det er eit krav at det vert beita minimum 5 veker i utmarka, og at meir enn halvparten av medlemmane har rett på produksjonstilskot.
- Tilskot kan også løyvast til enkeltføretak som har rett på produksjonstilskot der dei natur- eller driftstilhøva ikkje gjev grunnlag for samarbeid.

Generelt kan det gjevast tilskot til alle typar tiltak som fremjar beiting i eit område.

Døme på tiltak:

- Sperregjerder,
- Sanke- og skiljeanlegg
- Elektronisk overvakingsutstyr, inntil 50% av dyretalet:
- Tilskot kan berre gjevast til innkjøp av utstyr. Årleg drift av utstyr/ abonnement/ lisensar utløyser ikkje tilskot.
- Bruer dimensjonert for føring av beitedyr
- Gjetarhytter/sankehytter (fellestiltak, inntil 20m²)
- Sperregjerder mot innmark
- Ferister
- Anlegg rydding av drifteveggar/ råser
- Transportprammer
- Planlegging-/tilretteleggingsprosjekt (eks installasjonar, organisering lag/ beitebruk m.m.)

Lista er ikkje uttømmande

Prioriterte tiltak

- Investeringar i teknologi knytt til beitebruk (eks radiobjøller/no fence)
- Faste installasjonar og kostnadskrevjande investeringar
- Tiltak som legges til rette for sikker og aktiv bruk av ein større del av utmarksbeita, gjerne fellestiltak.

Landbruksdirektoratet/ Statsforvaltaren tilrår ei 30/70 fordeling mellom elektronisk overvakingsutstyr, og faste installasjonar, men dette kan justerast etter mengde og type søknader.

Tilskotssatsar, jamfør §3, Berekning av tilskot i Beiteforskrifta

- *Det kan gis tilskudd med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag ved investeringstiltak.*
- *For elektronisk overvåkingsutstyr, og til planleggings- og tilretteleggingsprosjekter kan det gis tilskudd med inntil 70 % av kostnadsoverslag.*

Tilskotet vil avhenge av tilgjengeleg økonomisk ramme frå Statsforvaltaren, samt søknadspågang. Normalt har tilskotssatsen låge mellom 30-40% av godkjente kostnader. Ved for lite midlar i høve innkomne søknader, vil kommunen søkje statsforvaltaren om ekstra midlar. Det er vidare ei avgrensa mengde midlar som er tilgjengeleg per kommune.

Vilkår

- Søkar kan få avslag dersom arbeidet med tiltaket er starta opp før søknaden er handsama.

- Det kan ikkje løyvast tilskot til investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde som er leigd for ein kortare periode enn 10 år.
- Det er en forutsetning for tilskot til faste installasjonar at det føreligg skriftleg løyve, eller avtaler med grunneigar eller andre som har rettigheter i det aktuelle beiteområdet.
- Det kan ikkje løyvast nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar. Dette gjeld ikkje for tilskot til elektronisk overvåkingsutstyr.
- Det kan foretas utbetalinger på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som deler av tiltaket eller prosjektet utføres. Minst 25 % av tilskotet skal heldes tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregnskapet er godkjent.
- Årleg drift av utstyr/ abonnement/ lisensar utløyser ikkje tilskot.
- Arbeidsfrist for gjennomføring av tiltaket er 3 år frå tilskotet vart løyvd.

Rettleiande timesatsar for eigeninnsats

Landbruksforvaltinga i HAF ønsker å bruke timesatsane som Statsforvaltteren i samråd med Innovasjon Norge har tilråd. Per. 2024 er rettleiande timesatsar følgjande:

- Manuelt utført eigearbeid (inkl. Motorsag o.l.): 350 kr/time
- Bruk av eigen traktor/gravemaskin 800 kr/time

Statsforvaltaren sender årleg ut oppdaterte timesatsar til kommunen og ein kan henvende seg til landbruksforvaltninga i kommunen eller til nyhendeskriver frå landbruksforvaltninga om ein mistenker at timesatsane er utdatert.

Søknad

Søknad skal primært leverast elektronisk via søknadssenter på Altinn (lenke under):

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-tiltak-i-beiteomrader/>

Søknadsfrist er sett til 1. mars frå og med 2025

Informasjon i søknad

- Tiltak som gjeld faste installasjonar og rydding av vegetasjon skal være kartfesta
- Opplysningar om berørte beitedyr, tiltaksskildring, kopi av avtalar/løyver som gjeld beitebruka i området, er relevante vedlegg for einskilde tiltak.
- Oversiktleg kostnadsoverslag som skil mellom arbeidstimar og innkjøp.

Utbetaling

- Oppmoding av utbetaling skal i hovudsak skje via [Altinn](#)
- Dokumentasjon vil normalt være kopi av betalt faktura for innkjøp av material/utstyr eller kopi av betalt faktura frå entreprenør eller annan oppdragstakar. Eige arbeid må dokumenterast med timelister.
- Kommunen utbetaler løyvd tilskot etterskotsvis når tiltaket er gjennomført. Dersom kostnadene til gjennomføring av investeringstiltaket og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjektet blir lågare enn godkjent kostnadsoverslag, reduserast tilskotet tilsvarande.
- Delutbetaling kan skje med inntil 75 % av tilskotsbeløpet på grunnlag av godkjent dokumentasjon for realiserte kostnader. Minst 25 % av tilskotet skal heldes tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregnskapet er godkjent (sluttutbetaling).

Andre merknader

- Ved planlegging og gjennomføring av tiltak er det viktig med dialog med andre brukargrupper som kan bli berørt av tiltaket (eks. oppsett av sperregjerde). Aktuelle brukargrupper kan være organisasjonar og næringsdrivande innanfor landbruk og reindrift, grunneigarar, hytteeigarar, turisme og idrettslag.

Utfyllande informasjon om regelverk og prioriteringar, finn ein i *forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområde (FOR-2013-02-04-206)*, samt *Endringsforskrift, (FOR-2020-12-21-3044)*, med tilhøyrande kommentarar.